

Medisinsk fagleg rådgjevar

14.12.2017

Av: Tone Westerheim

Publisert: 24.11.2017 00:00

Oppdatert: 21.11.2017 10:56

Medisinsk fagleg rådgjevar ID 1331

Sunnhordland interkommunale legevakt har ledig 30 % fast stilling som medisinsk fagleg rådgjevar. Søknadsfrist 15.12.17

Medisinsk fagleg Rådgjevar (ID 1331)

Sunnhordland Interkommunale legevakt har ledig fast stilling som medisinsk fagleg rådgjevar i 30 % stilling, stillinga er ledig frå 1.desember 2017. Føremålet med stillinga er å sikra god kvalitet på tenesta i tråd med rettleiande normer og krav i forskrifter.

Interkommunal legevakt er lokalisert i 1.etasje i Legevaktbygget i nær relasjon til Stord sjukehus. Ein flytta inn i det nye bygget 1.februar 2017.

Medisinsk fagleg rådgjevar skal saman med dagleg leiar og styret, sikre eit godt fagleg og etisk nivå og vidareutvikle tenesta.

Stillingsomtale for funksjonen:

Legen er kontaktperson mellom legetenesta og administrasjonen for selskapet, og skal sikra og utvikle den faglege kvaliteten ved legevakta.

Oppgåver:

- Sikre at gjeldande lov- og forskriftskrav blir fylgt
- Fylgje tilråding frå kompetansmiljø i legevaktmedisin og godkjende rettleiaredokument
- Saman med dagleg leiar handtere og behandle klagesaker.
- Revidere og oppdatere internkontrollen saman med dagleg leiar
- Ansvarleg for å sikre opplæring av legar som tek til ved SIL. Sikre kvalifikasjonar og innhenta referansar knytt til legevikarar i legevakta.
- Fagleg oppfølging av det tilsette i legevakta. Oppfølging ved behov for kurs, prosedyregjennomgang, opplæringsvakter m.m.
- Utarbeiding av vaktplan for legar i legevakta og system for å få inn vikarar ved sjukefråvær, ferieavvikling, permisjonar, vakansar m.m.
- Ta ansvar for fagleg utvikling av SIL, legge til rette for fagleg godt samarbeid med andre instansar
- Delta i møte- og utviklingsarbeid knytt til legevakta.

Me søkjer etter autorisert lege med:

- Motivasjon for å støtta fagleg utvikling av akutt- og legevaktmedisin gjennom relasjonsbygging i eit tverrfagleg arbeidsmiljø.
- Syn for eigen og medarbeidar si fagutvikling knytt til legevakt.

Me legg vekt på personlege eigenskapar og god norsk kommunikasjon ved tilsetjing. Vurderingar blir gjort i intervju med tanke på evne og interesse for utvikling av faglege prosedyrar og rutinar for samarbeid internt i avdelinga og mot samarbeidspartar.

Stillinga kan kombinerast med dei andre utlyste stilling som deleliste som fastlege (sjå eigne utlysingstekstar).

Løn etter avtale. Pensjonsordning gjennom KLP.

Dersom søkjar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkjarliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjort, sjølv om søkjar har bedt om ikkje å verta oppført på søkjarlista. Søkjaren vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til fylgje.

For nærare opplysningar om stillinga kontakt dagleg leiar Janett S. Svendsen (tlf. 90637805), eller noverande innehavar av stillinga, Kristian Myklevoll (tlf. 46966665)

Søknadsfrist: 15.12.2017

[Søk på stillinga](#)